

## Avtalar om avløpsleidningar inngått

09.12.2010



Arbeidet starta på Rabben sist vår. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Det er inngått 14 avtalar i samband med avløpsanlegget i bygda, som no er inne i den avsluttande fasen.**  
**Det er 11 avtalar om rett til å legga avløpsleidning over eigedom, ein avtale om rett til å etablera pumpestasjon**  
**og 2 avtalar om rett til å leggja avløpsleidningar over sjøgrunn.**

Desse har inngått avtale med kommunen om rett til å leggja avløpsleidning:  
 Eli Roseth Eik, Eidsvik Eigedom AS, Gunnbjørg Stensletten Eik, Rabben Feriesenter,  
 Uskedalen Båtlag, Hjørdis M. Nilsen, Nilsen Eigedom, Torfinn Myklebust, Gjertrud Myklebust, Brit Halleråker og Solveig Olsson.

Uskedalen Brygge AS har fått rett til å etablere pumpestasjon og Anne Reidun Arnesen med fleire og Trygve Harald Hermansen med fleire har fått rett til å leggja avløpsleidning over sjøgrunn.

Avtalane er i stor grad like og det heiter mellom anna at kummane ikkje må koma høgare enn terrenget og at terrenget må jamnast til kring desse slik at dei ikkje er til hinder for eigaren av eigedomen.

Det må ikkje, utan etter avtale med kommunen, fyllast massar over kommane slik at kumlokk vert skjult under bakken, gjerast større endringar på terrengnivå eller plantast tre av stor betydning over leidningane.

Eventuelle prydtre, buskar eller konstruksjonar som vert øydelagde skal erstattast eller settjast i same stand som før. Alle kostnadar i samband med arbeidet og istandsetting/vedlikehald skal berast av kommunen.

Eigaren skal disponera terrenget som før, men kan ikkje utan etter avtale med kommunen byggja eller grava nærmare leidningen enn 1,5 meter.

I avtala for Rabben heiter det at eigaren skal ha rett til å setja opp mobil bувogn over traseen.

Av Ola Matti Mathisen